

# Rapport Grøn konsesjon- 2019

Drifta av den grønne konsesjonen har vore i henhold til vilkåra for vår grønne konsesjon kategori C:

- Stor post smolt produsert i lukka flytande betonganlegg
- Bruk av oppdretta rensefisk ved produksjon i open sjø
- Bruk av luseskjørt ved produksjon i åpent anlegg

I 2019 har me hatt gjennom :

Satt i lukka anlegg	Flytta til lokalitet	Flytta til sjø	Produksjonstid open sjø	Art
Februar 2019	Kverhelleskjeret	Mars 2019	10 – 14 mnd	Aure
April 2019	Kverhelleskjeret	April 2019	9 – 14 mnd	Aure
Mai 2019	Kverhelleskjeret	Juni 2019	8 – 16 mnd	Aure
September 2019	Langøy	November 2019	13 mnd	Laks
November 2019	Kverhelleskjeret	Desember 2019	Framleis i sjø	Laks

## Fôring av fisk:

Roterande fôrspreiar vart montert. Fôringa av fisken skjer frå Fjernfôringsstudio på Fitjar. Det er utfordrande å fôre fisk i såpass grunt kar. I løpet av året har me utvikla ein strategi med ei viss overfôring. Me ser at fisken vert roligare i karet med denne startegien. Fôrspredaren har også hjelpt på dette.

## Reingjering av karet:

Ei smoltpumpe vart installert for å sikre at botnen vert heldt rein. Me ser at dette har hatt ein god effekt. Likevel er det nokre dødsoner som er vanskelegare å reingjere enn andre. Vaskeroboten vart bygd om for å unngå at den kiler seg under drift. Det vart montert på kjededrift. Me har testa ROV-spyling av veggane for å reingjere dei. Dette vart for kraftigt til betongveggane. Det har uansett ikkje vore eit stort problem med groe på veggane i våre produksjonssykluser.

### **Teknisk anlegg:**

Me har utbetra nødoksygen-systemet slik at det no er heilautomatisk. Før måtte ein ut på lokalitet for å legge ut oksygenslanger. Me har løyst dette problemet med oksygenslager som vert heldt oppe av magnetar. Når straumen går eller oksygenivået er for lavt og ein får alarm på det vil oksygenet verte sett på automatisk.

### **Levering av fisk**

Ved levering av fisk brukte kastenot. Denne løysinga fungerer, men er litt tidkrevjande. Karet er relativt lite. Me har forbetra kastenota og tilpassa henne karet. Dette har gjort jobben litt mindre tidkrevjande.

### **Praktiske erfaringer- open sjølokalitet**

Me har brukt luseskjørt og rensefisk på Duesund for å fjerne lusa etterkvart som den kjem. I 2018 vart dette installert på Duesund. Rensefisk vart sett ut i 2019.

I 2019 har me hatt grøn fisk på Duesund som har vore i det lukka anlegget. Me tilsette 20-30 % rognkjeks. I 2019 har fisken ikkje vorte avlust ,og me har greidd å halde nivået med luseskjørt og rognkjeks/leppefisk.

Etter utsettet på Langøy fekk me PD-påvisning på Langøy. Dette gjorde at me ikkje fekk sett meir fisk på denne lokaliteten. For å få planen til å gå opp vart neste utsett sett ut på Kverhella.

### **Samandrag**

Me ser at me får produsert fisk i vårt grønne anlegg, men at det er krevjande å drifte eit slikt teknisk anlegg. Det krev ein god del ressursar for å sikre drifta. Miljømessig har anlegget levert gode produksjonar utan lusepåslag i fasen i det lukka anlegget.